



Møtereferat 01.10.25 Stad: Naturfagrommet

Desse møtte i tillegg til Bente Helen Ullaland:

Representantar 8.trinn: Andreas og Frøya.

Representantar 9A: Nora og Eline.

Representantar 9B: Tina og Therese.

Representantar 10A: Dina og Dhalia.

Representantar 10B: Jakob og Lasse.

SAKSLISTE

Sak	Innhald/diskusjon	Konklusjon	Til oppfølging
Sak 1 – Aktivitet i hallen, ei lita evaluering	Det går bra. Betre med 3 x i veka. Kjekt med stikkbball, volleyball og frileik. Dette er veldig populært. Til tider litt mykje «teaming» og nokre blir targeta. Vaktene må vere på her, og dette hjelp heldigvis på. Noko ein og kan bli betre på, er at ein tek «alle mann fri» litt oftare enn kvart 5.minutt. Dette vil og hjelpe på at ein får med seg kven som «tek deg». Når enkelte folk blir tatt, så avtalar ein med vennane at ein skal frigjere kvarandre. Det kan fort bli til at det blir jente mot gut og. Stikkbball er alle mot alle, så ein bør ha dette i bakteppet når ein spelar det.	Alle tek ei oppfrisking i klassane av kva for stikkbball faktisk er. Poenget er at det skal vere alle mot alle, altså ein individuell leik. .Ønskjer ein «teaming», burde ein heller ha kanonball då dette er eit lagspel. Bente Helen har sjekka opp reglane med Pål Arve for å vere heilt sikker. Dei som har inspeksjon, må kome tidsnok ned i hallen. Det har hendt at dei vaksne har kome for seint ned til inspeksjon, og då begynner elevar å sparke på dører. Hærverk er uaktuelt , og dei	Bente Helen til hovudsteg



		vaksne skal halde tida. Bente Helen melder inn som sak at elevrådet deltek i hallen under hallaktiviteten. Elevrådet ønskjer å delta med dette i hallen: - Vere med å seie «alle fri» - Hjelpe til med å organisere volleyball - Kome tidleg for å vere med å låse opp - Finne fram stikkbollar - Hjelpe til å sjå til at det ikkje går føre seg «teaming» etc på stikkboll Mat og drikke skal vere ete opp FØR ein går i hallen!	
Saker frå trinna	8.trinn: Luftar sak om leksehjelp for 8-10.	Er dette noko som er mogleg å få til? Elevar som nyttar tilbodet som er frå 5-8 er meir interessert i at tilbodet skal vere for 8-10 då ein får meir hjelp frå faglærarane på 8-10, og det vil vere eit betre for alle på 8-10.	Bente Helen
	Kan tennisbana byggast om til kombinert volleyball- og tennisbane?	Ein ønskjer å spele volleyball ute, og tennisbana er einaste alternativ	Bente Helen forhøyrer seg med gymlærarane.
	9B: Bokagent	Bokagent er noko ein kan «melde seg på» for å lese	Bente Helen melder vidare til hovudsteg/bibliotek.



		for dei yngre elevane og eventuelt hjelpe til på biblioteket. Ein les for 1.-3.klasse eit par gongar i månaden.	
	10A: Dusjforheng i garderobane.	Blir dette noko av? Elevrådet ønskjer at dette går til FAU og SMU igjen.	Bente Helen melder til leiinga.
	10B: Nytte biblioteket i matfri	Kan biblioteket vere ope for dei som ønskjer det i matfri? Dette kan vere ei stillesone for dei som ønskjer å lese bøker og å roe heilt ned i friminutta.	Bente Helen melder til leiinga/biblioteket.
Sak 3 – Saker som har kome til	Ingen saker å melde.		

Neste elevrådsmøte: torsdag 16.10.25 i 3.time på naturfagrommet.

Bente Helen Ullaland
Referent